


# Årsrapport 2023



**Kompetansesenter i lindrande behandling  
Helseregion Vest**





## Våre oppgåver:

Undervisning

Forsking

Fagutvikling

Nettverksbygging

## KOMPETANSESENTER I LINDRANDE BEHANDLING HELSEREGION VEST

**Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) er eit ressurssenter for alle som arbeider med lindrande behandling og omsorg ved livets slutt i regionen vår.**


Målsettinga for senteret er å fremme palliasjon i heile Helseregion Vest ved å styrke kompetanse bygd på eit heilskapleg menneskesyn og gode fagkunnskapar.

## Undervisning, rådgiving og formidling

KLB driv undervisning og formidling gjennom Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling, på universitet og høgskular og ved bidrag på internundervisning, kurs og konferansar. I 2023 hadde senteret 525 undervisningstimar. Tilsette i KLB svarer kontinuerleg på førespurnader om alle aspekt ved lindrande behandling, med 893 registrerte førespurnader i 2023.

## Livets siste dagar – plan for lindring i livets sluttfase

KLB har ein nettverkskoordinator for «Livets siste dagar — plan for lindring i livets sluttfase». Denne planen vert nytta i 470 verksemder over heile landet. Nettverkskoordinator kan gi opplæring og støtte til dei som brukar planen. Arbeidet med Livets siste dagar er forankra i eit internasjonalt samarbeid der KLB har status som internasjonalt referansesenter for god omsorg til døyande.



## Nettsider og skriftleg materiell

Nettsidene til KLB er godt besøkte, med i alt 100 946 sidevisingar i 2023. Det er stor etterspurnad etter mapper til etterlatne. Mappene er gratis for brukarar i Helseregion Vest, både sjukehus og kommunar. I 2023 vart mappa revidert og trykt i nytt opplag.

## Verdsdagen i lindrande behandling

Saman med Kreftforeningen og andre palliative aktørar markerte KLB Verdsdagen i lindrande behandling med ulike arrangement i Helseregion Vest: folkemøte i Stavanger, fakkeltog og folkemøte i Bergen, stand på Stord sjukehus og deltaking i Stafett for livet i Førde.

## Nettverk og samarbeid

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling hadde ved årsskiftet 2023/24 492 ressurssjukepleiarar og -vernepleiarar og 124 ressursfysioterapeutar og -ergoterapeutar, fordelt på 24 lokale nettverksgrupper.

Målet med nettverket er kompetanseheving og samhandling slik at pasientar og pårørande opplever tryggleik og får tenester av god kvalitet. Nettverket er eit samarbeid mellom helseføretak, kommunar, høgskular, Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland.

KLB har god kontakt og felles tilsette med dei palliative sentra på sjukehus i regionen vår. Saman med Statsforvaltaren i Vestland tildelte vi i 2023 middel til ni kommunale prosjekt innan lindrande behandling.

I mars arrangerte KLB Regionsamling i palliasjon, med 100 deltarar. Det faglege programmet omfatta ei forseinka 20-års markering av KLB, etiske utfordringar knyttte til overbehandling, «god praksis - gode løysingar», hjelparen – både profesjonelle, pårørande og frivillige, samt nytt frå palliativ forsking. Samlinga blei svært godt evaluert av deltarane.

I 2023 har KLB utarbeidd ny strategi for arbeidet, for perioden 2024-2027.



## Forsking og fagutvikling

Kompetansesenteret bidrar til utvikling av planar og retningslinjer. I 2023 deltok tilsette frå KLB i fleire nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper. Tre medarbeidarar har vore med i revisjonen av det nasjonale handlingsprogrammet for palliasjon. Medikamentskrinet for lindring til døyande vert gjennomgått kvart år.

KLB deltar i regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. I 2023 var hovudsatsinga Horizon 2020-prosjektet iLIVE: «Live well - die well. A research program to support living until the end». iLIVE var eit samarbeid mellom 13 land. Prosjektet vart avslutta i desember 2023. I prosjektet deltok Noreg i ein kohortstudie og i utarbeiding av sentrale utfallsmål for omsorg til døyande. Som ledd i prosjektet vart eit tilbod med frivillige til alvorleg sjuke og døyande etablert på Haukeland universitetssjukehus.

KLB har bidratt inn i Helsedirektoratet sitt arbeid med nasjonale faglege råd om førehandssamtalar. Råda vart publiserte i desember 2023.

### Tema for forsking og prosjekt i 2023

- Ivaretaking av døyande og deira pårørande
- Smertebehandling
- Førehandssamtalar (Advance Care Planning)
- Legestudentars utbytte av undervisning i palliativ medisin
- Bruk av frivillige i palliasjon
- Alvorleg sjuke pasientar og deira pårørande sine ønske, bekymringar og erfaringar
- Organisering av palliasjon

Publikasjonslista for 2023 er med i den utvida årsrapporten som er publisert på KLB sine nettsider

## Registerfunksjonar

**PallReg.no:** Nasjonalt, nettbasert register over palliative verksemder i Noreg. Registeret vert drifta av dei regionale kompetansesentra/-tenestene i fellesskap.

**Pallnet.no:** Oversikt over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i kommunar og på sjukehus i Helseregion Vest.

## Stab

Kompetansesenteret hadde i 2023 8,1 årsverk, fordelt på ein tverrfagleg stab av 19 tilsette. Utanom den sentrale eininga på Haukeland universitetssjukehus er medarbeidarane deltidstilsette med hovudstilling i kommune eller på sjukehus i Helseregion Vest.



**Våre kjerneverdiar:**  
Kompetanse  
Samarbeid  
Respekt  
Engasjement





## Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

**Besøksadresse:** Konrad Birkhaugs hus, Haukeland sjukehusområde

**Postadresse:** Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus,  
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, Postboks 1400,  
5021 Bergen

**Telefon:** 55 97 58 24    **E-post:** lindrende.behandling@helse-bergen.no



[www.helse-bergen.no/palliasjon](http://www.helse-bergen.no/palliasjon)

[www.pallreg.no](http://www.pallreg.no)

[www.pallnet.no](http://www.pallnet.no)



Liste over tilsette ligg på nettsidene

### Kva kan KLB brukast til?

- Oversikt over kva som skjer innan palliasjon i Helseregion Vest
- Informasjon om aktuelle tilbod og tiltak i regionen
- Bistand til planarbeid og søknader
- Oversikt over kurs og utdanningstilbod i lindrande behandling
- Hjelp til planlegging av lokale kurs og samlingar
- Informasjon om aktuelle forskings- og fagutviklingsprosjekt
- Informasjon om lindrande behandling nasjonalt og internasjonalt
- Kontaktar i Helseregion Vest, nasjonalt og internasjonalt